

og Fiskarlagets Servicekontor AS avd. Vest

Bergen, 30.09.14

Vår ref. 937/14/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Meland kommune

Fiskeridirektoratet region Vest

e-mail

## KOMMUNEPLAN AREALDEL, MELAND.

Viser til brev av 01.07.14 frå Meland kommune om saka.

Fiskarlaget Vest har konsentrert seg om arealplankartet, i høve fiskeriregistreringar hos Fiskeridirektoratet, og sett gjennom føresegnene.

Ein har vore i kontakt med Nordhordland Fiskarlag om saka.

Nokon av dei «fysiske» utfordringane kystfiskarane møte i høve si verksemd er:

- oppdrett (areal inkl. anker, fiskeforbodssone og utslepp av spillfôr/feces/avlusingsmiddel),
- vindmøller til sjøs inkl. sikringssoner,
- reguleringsplanar ut i sjø (småbåthamner, flytebyggjer m.m.),
- avlaups-/vassleidningar i sjø,
- kablar/røyr i sjø
- fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

Fiskarlaget Vest konstaterer at det er Fiskeridirektoratet sine regionkontor som skal ivareta sterkt regionale og nasjonale bruks- og ressursområde innan fiskeri.

Det er kommunen sitt ansvar å ta vare på fiskebruksområde t.d. låssettingsplassar, område for passiv og aktiv reiskap, som er viktige for fiskarar som bur i nærområdet, dvs. svake regionale og lokale fiskeriinteresser.

Det vil seie at både lokale og regionale interesser skal ivaretakast i kommuneplanssamanheng.

Det er svært viktig at dette blir fulgt opp om ein fortsatt skal ha lokale/regionale kystfiskarar i vårt område.

Når det gjeld m.a. trålfelt er det naturgjevne plassar som ikkje kan flyttast. Det er heilt uakseptabelt at ein planlegg m.a. fortøyingar frå oppdrett inn i slike område. Ein vil òg gjere merksam på at i karta er det gjerne teikna beine strekar, for å forenkle, medan felta i verkegheita blir brukt i samsvar med botntilhøva.

Det er kommunen sitt ansvar å planleggje slik at det ikkje blir unødige konflikter i kystsona. Ein forutset at fiskeområde inkl. kaste-/låssettingsplassar kan nyttast heile døgnet, sjølv om det er bygd/er føreslege bygd hus ved slike område, jf. m.a. punkt 1.6.1, 1.6.3, 1.6.4 og 1.6.5 i føresegnene.

Generelt vil ein bemerke at det er betre at småbåtar blir samla i småbåthamner i staden for at kvar og ein skal ha ein ile liggjande ute langs strandsona. Det ligg dessverre alt for mange ilar, gjerne ikkje omsøkte, ute langs strandsona, som er til hinder for fiske i området.

Kaste- og låssettingsplassane er ikkje i bruk kvar dag/år, men det er viktig at dei blir oppretthalde, slik at dei kan nyttast når det blir fiska i området.

Når det gjeld småbåthamner nær kaste-/låssettingsplassar, føreset ein at tilhøva blir lagt til rette i høve festing av steng (små båtar kan passere over taua), og at det blir tatt omsyn til steng i høve ferdsel. Viser til § 27 i Havressurslova i høve ferdsel ved steng.

Ein vil òg bemerke at kaste-/låssettingsplassane blir gjerne brukt til andre tider enn hovudaktiviteten for småbåtane,

Ein føreset at forureining frå småbåthamner blir avgrensa mest mogeleg.

Om begge partar legg tilhøva til rette, kan ein ha god sameksistens.

Ein meiner av akvakulturområda må teiknast inn med reelt areal, inkl. fortøyingane, for å vise kva sjøområde dei verkeleg beslaglegg.

Ein føreset at ein fortsatt kan fiske i friluftsnaturområde der det er aktuelt.

#### Merknader i høve arealplankartet:

Først vil ein bemerke at det må gjerast greie for alle fargane som er nytta på kartet under «Teiknforklaring», t.d. forsvaret.

Område for kombinert føremål bør òg spesifiserast med kva det gjeld t.d. i føresegnene.

Fiskarlaget Vest meiner at følgjande kaste-/låssettingsplassar, merka med blå pil og gul ring, må inn i kommuneplanen;

- Ved Vikan, vedlegg I.
- Ved Leirvik (to), vedlegg II.
- Ved Io, vedlegg III.
- Ved Sanden, vedlegg IV.
- Ved Kårbøvågen, veldig god plass vèrmessig, men er ein del fortøyingar/snåbåtar der. Må kunne sameksistere. Vedlegg IV.

- Ved Havrøyna, vedlegg V.
- Ved Brattholmen/Kyrkjesundet, ein del fortøyingar/småbåtar der, men ein.må kunne sameksistere. Vedlegg VI.
- Ved Skarpeneset, ein del fortøyingar/snåbåtar der, men ein.må kunne sameksistere. Vedlegg VII.
- Ved Håøyna (merka 1), ein del fortøyingar/snåbåtar der, men ein.må kunne sameksistere. Vedlegg VII.
- Ved Håøyna (merka 2), ein del fortøyingar/snåbåtar der, men ein.må kunne sameksistere. Vedlegg VII.
- Ved Håøyna (merka 3), vedlegg VII.
- Ved Krossnessundet, vedlegg VIII

Ein forutset at kaste- og låssettingsplassen like ved næringsområde (lilla) ved sjø ved Hjertås (gul ring) fortsatt kan nyttast, og at det ikkje blir drive verksemd der som forureinar til sjø, jf. vedlegg IX.

Ein forutset at ein fortsatt kan nytte kaste-/låssettingsplassen sør for avsett område for akvakultur ved Hjertås (gul ring) om det blir utvida, jf. vedlegg IX.

Ein forutset at om avsett område for akvakultur ved Eikeland (gul ring), blir utvida, kjem anlegget inkl. fortøyingar ikkje til hinder for bruk av m.a. trålfeltet i nærleiken jf. vedlegg X. Det må samarbeidast med lokalkjende fiskarar når ein planlegg tiltak i høve trålfeltet.

Fiskarlaget Vest registrerer at delar av reketrålfeltet i Sætreosen, registrert hos Fiskeridirektoratet, manglar i kystsoneplanen, jf. vedlegg XI. Dette mest sannsynleg på grunn av at øvingsområdet til Sjøforsvaret (brunt-felt i kystsoneplanen) òg er i same området. Fiskarlaget Vest krev at trålfeltet blir teke inn i kystsoneplanen sjølv om det går inn i forsvaret sitt øvingsområde, for dei driv verken øving eller reketråling kvar dag i området. Ein må kunne ta direkte kontakt med fartøyet i området, om det skal føretakast øving. Øving bør òg varslast på tenleg måte.

Ein forutset at fiskeområdet like ved næringsområde (lilla) ved sjø ved Landsvik fortsatt kan nyttast, og at det ikkje blir drive verksemd der som forureinar til sjø, jf. vedlegg XII.

Ein vil bemerke at når ein vurderer m.a. lokalitetar til akvakulturanlegg, òg utvidingar, må ein sjå eit større område under eitt, gjerne utover kommunegrensa der ein deler fjordsystem med andre, i høve toleevne for sjøområdet. Ein må òg ha med i vurderinga andre utslepp til området. Vedlegg XIII syner akvakulturanlegg i, og i tilknytning til kommunegrensa, til Meland.

Når det gjeld Rosslandspollen har ein fått opplyst at det blir drive garnfiske etter m.a. makrell, sild, torsk og hyse innafor eksisterande småbåthamn i nærleiken av brua. Ein ber om at området blir planlagt slik at dette fisket kan fortsetje òg i framtida. Ein vil òg ta kontakt med Fiskeridirektoratet region vest for å få registrert dette på deira kart.

Når det gjeld tiltak i/i tilknytning til sjøområda, ber me om å få det til høyring.




Med helsing  
Fiskarlaget Vest


Britt S. Instebo  
Britt Sæle Instebo

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag  
Fylkesmannen i Hordaland


Vedlegg F



Målestokk: 1:13 347




**Målestokk: 1:13 347**




Målestokk: 1:13 347

© Fiskeridirektoratet



Målestokk: 1:12 060






Målestokk: 1:12 060


Vedlegg VI

© Fiskeridirektoratet




Målestokk: 1:5 448

Vedlegg VII




Målestokk: 1:12 060





Målestokk: 1:12 060

Vedlegg IX




Vedlegg I






Målestokk: 1:12 060

Vedlegg II







Målestokk: 1:96 478